



Norstrand Eiendomsrådgivning As
Storebotn 10
5309 KLEPPESTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4178 - 22/63289

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
22.08.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 491/24 Kvitstein

Tiltak: Påbygg/ fasadeendring - fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 491/24
Tiltakshavar: Vebjørn Fordrod Bakka
Ansvarleg søkjar: Norstrand Eiendomsrådgivning As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysningar om tiltakets ytre rammer, blankett 5175.
2. Opplysningar om avløpsløyving. Det er kryssa av i søknaden for at det føreligg utsleppsløyve for eigedomen. Ved søk i tidlegare Radøy kommune sitt arkiv kan vi ikkje sjå at dette er gjeve. Innlagt vatn vil krevje godkjent utsleppsløyve.
3. Opplysningar om tilkomst, veg og parkering. Dokumentasjon på at eigedomen er sikra rett til tilkomst.
4. Opplysningar som viser at etablert veg og parkeringsplass er omsøkt og godkjent.

Alver kommune har motteke brev frå eigar av gbnr. 491/2 Lars Magnar Ekroll datert 30.05.2022. Kommunen legg til grunn at dette er nabomerknader til saka og oversender brevet vedlagt for vurdering/uttale.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **22.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning As
Vebjørn Fordrod Bakka

Storebotn 10
Einerhaugen 22a

5309 KLEPPESTØ
5141 FYLLINGSDALEN